

Jordbruket i Agder og Rogaland 2014

Godt år for mange produksjonar

Jordbruksinntekta til jær bøndene gjekk ned med ein prosent frå 2013 til 2014, det er det andre året på rad med nedgang i denne regionen. I 2014 vart jordbruksinntekta til bøndene på Jæren kr 290 300 per årsverk. I resten av Rogaland og Agder auka jordbruksinntekta med åtte prosent frå 2013 til 2014, etter ein liten nedgang året før. Jordbruksinntekta vart kr 294 100, og med dette vart jordbruksinntekta i dei andre bygdene i Agder og Rogaland for første gang høgare enn for Jæren.

Nedgang i jordbruksinntekta for mjølkebøndene

Mjølkeproduksjon er den mest vanlege driftsforma i Agder og Rogaland. Etter stor auke i jordbruksinntekta i 2012, har jordbruksinntekta for mjølkebruka på Jæren gått mykje ned dei siste åra, med 21 prosent frå 2012 til 2013 og 9 prosent frå 2013 til 2014. I medel vart jordbruksinntekta kr 243 600 per årsverk for mjølkeprodusentane på Jæren i 2014. Også mjølkeprodusentane i dei andre bygdene i Rogaland og Agder fekk nedgang i jordbruksinntekta frå 2013 til 2014, med to prosent til kr 248 400 per årsverk.

Mjølkeproduksjonsbruka på Jæren hadde svært høge nettoinvesteringar i 2013 med kr 635 700. Også i 2014 var investeringsnivået høgare enn landsgjennomsnittet med kr 178 900. Det vart investert mest i driftsbygningar. Stor utbyggingsaktivitet kan ha vore medverkande til det dårlege resultatet for desse bruka i 2013 og 2014. Ein har tidlegare sett at bruk med store investeringar får redusert inntekta i åra kring investeringstidspunktet, men at dei etter nokre år har auka inntekta meir enn bruk som ikkje har investert. Store investeringar har òg ført til auka avskrivningar. Saman med auka rentekostnader og auka arbeidsinnsats, har dette bidrege til nedgangen i jordbruksinntekta.

Godt år for mange produksjonar

Mange av deltakarane i driftsgranskingane frå Agder og Rogaland har driftsformer med for få deltakarar til at NIBIO kan presentere resultat for driftsforma. Dette er til dømes bruk med grønsaker, potet, fjørfe, svin og ulike kombinasjonar med fleire produksjonar. Mange av desse bruka oppnådde gode resultat i 2014 og bidrog til auken i jordbruksinntekt i Agder og Rogaland andre bygder og til at Jæren ikkje fekk større nedgang, trass eit dårleg år for mjølkeprodusentane.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av bruk frå heile landet. I 2014 var det i alt 912 bruk med i driftsgranskingane. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». I alt var det med 59 bruk frå Jæren og 93 bruk frå resten av Rogaland og Agder-fylka.

For nærare opplysningar, kontakt NIBIO Bergen ved:

Seniorrådgjevar Heidi Knutsen tlf. 907 64 531 eller seniorrådgjevar Torbjørn Haukås tlf. 476 58 552

E-post: bergen@nibio.no